



## Notat

Dato: 19.11.2015  
Arkivsak: 2015/10280-12  
Saksbehandlar: gunradd

---

<b>Til:</b>	Fjell kommune
<b>Frå:</b>	Gunhild Raddum, HFK

---

### **Vedlegg til planuttale frå HFK – Sotrasambandet delprosjekt 2 og 3. Merknader frå Skyss.**

Nasjonale og regionale forventningar til null-vekst i biltrafikken inneber ein systematisk satsing på andre transportmiddel. Reisevaneundersøkingar viser at Sotra har ein høg andel bilførarar, og Fjell kommune har utarbeid ein eigen mobilitetsplan der mellom anna tiltak for å auke kollektivbruken står sentralt. For å kunne gje eit godt kollektivtilbod er det viktig å vektlegge konsentrasjon av bustader og arbeidsplasser langs kollektivaksar og kollektivknutepunkt. Samstundes er det viktig at bussen vert opplevt som effektiv og eit reelt alternativ til bil med tanke på tidsbruk og komfort. Generelt er det difor ønskjeleg med traséval som gjer at kollektivtrafikken kan køyre på ny og oppgradert veg. HFK/Skyss ønskjer å legge til rette for at kollektivtrafikken skal vere eit konkurransedyktig reiseval. Dette føreset at det blir planlagt inn haldeplassar i rimeleg gangavstand frå områda der folk bur og arbeider. I svært mange tilfelle ser vi at til tross for store investeringar i nye vegar, må bussen fortsatt «snirke» seg fram på dårleg veg, fordi dette er den einaste måten å nå dei reisande. Ein må så langt som mogleg leggja opp til gangtrasear mot ny veg og stader ein kan etablere haldeplassar.

For planane for fv 555 vil det vere aktuelt for bussane å køyra ny veg der det er lite busetnad langs gamlevegen. På nokre av strekka må ein her og nytta gamlevegen då det er der folk bur.

Ifølge reguleringsplan må ein nytta gamal veg på fv 561, då det ikkje vil vere mogleg å betene bustadområda frå ny veg. Ein må i planprosessen vurdere om det skal regulerast inn haldeplassar på nye vegen som ein kan nytta ved framtidig behov, dersom det ved seinare høve er snakk om utbygging i området rundt vegen.

HFK/Skyss ønskjer i tillegg at det i begge planane samla blir vurdert alternative plasseringar av bussanlegg på Straume. I eit langsiktig perspektiv vil areala til dagens bussanlegg vere ønska til anna formål som følge av byutvikling på Straume. Det er viktig å sikre areal til eit bussanlegg med ei funksjonell plassering for effektiv drift av den omfattande kollektivtrafikken knytt mellom anna til Straume.

